

**SAMARBEIDSAVTALE  
(ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMARBEID)**

**FOR**

**ALDEN HAMNEOMRÅDE**

## **ALDEN HAMNEOMRÅDE**

**Datert xx.xx.2023**

Eit administrativt vertskommunesamarbeid jf. kommunelova § 20-4 jf. § 20-2 vert inngådd mellom deltakarkommunane

Askvoll kommune (samarbeidskommune),

Fjaler kommune (samarbeidskommune),

Hyllestad kommune (samarbeidskommune),

Sunnfjord (samarbeidskommune) og

Kinn kommune (verts-kommune).

Vedtatt av	saksnr.
Vedtatt av	saksnr.
Vedtatt av	saksnr.
Vedtatt av	saksnr.
Vedtatt av	saksnr.

Samarbeidsavtalen er formelt inngått som fem sjølvstendige avtalar mellom vertskommunen og den enkelte samarbeidskommune, samla i dette avtaledokumentet.

\*\*\*

## Innhold

<b>Kapittel 1 Stiftelse, formål og samarbeidspartar .....</b>	<b>3</b>
§ 1-1 Organisasjonsform .....	3
§ 1-2 Formål.....	3
§ 1-3 Samarbeidspartar .....	3
<b>Kapittel 2 Alden hamneområde .....</b>	<b>3</b>
§ 2-1 Finansiering .....	3
§ 2-2 Regnskap og budsjett .....	4
§ 2-3 Revisor .....	4
§ 2-4 Hamneanlegg og bygningsmasse .....	4
<b>Kapittel 3 Administrasjon og organisering .....</b>	<b>4</b>
§ 3-1 Deltakarkommunens ansvar og oppgaver .....	4
§ 3-2 Vertskommunens myndighet .....	4
§ 3-3 Evaluering og samarbeid .....	5
§ 3-4 Hamneråd .....	
<b>Kapittel 4 Drift av Alden hamneområde .....</b>	<b>5</b>
§ 4-1 Administrasjon .....	5
§ 4-2 Retningslinjer for administrasjon .....	5
§ 4-3 Kjøp av tenester .....	5
§ 4-4 Arbeidsgjeveransvar .....	5
<b>Kapittel 5 Økonomi .....</b>	<b>6</b>
§ 5-1 Farvassavgift.....	6
§ 5-2 Saksbehandlingsgebyr .....	6
§ 5-3 Årsregnskap og årsmelding .....	6
<b>Kapittel 6 Klage, omgjering, kontroll og tilsyn.....</b>	<b>6</b>
§ 6-1 Klagebehandling og omgjeringshøve .....	6
§ 6-2 Kontroll og tilsyn .....	6
<b>Kapittel 7 Inntreden, endringer, opphør og uttreden .....</b>	<b>7</b>
§ 7-1 Inntreden.....	7
§ 7-2 Endringer .....	7
§ 7-3 Uttreden og opphør.....	7
<b>Kapittel 8 Overgangsbestemmelser, tvisteløysing og ikrafttredelse.....</b>	<b>8</b>
§ 8-1 Overgangsbestemmelser.....	8
§ 8-2 Tvisteløysing .....	8
§ 8-3 Ikrafttredelse .....	8

## **Kapittel 1 Stiftelse, formål og samarbeidspartar**

### **§ 1-1 Organisasjonsform**

Alden hamneområde er organisert som eit administrativt vertskommunesamarbeid mellom kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Sunnfjord og Kinn. Samarbeidet er heimla etter vertskommunemodellen i kommunelova § 20-2 jf. § 20-4.

Det vert med dette inngått fire likelydande samarbeidsavtaler mellom vertskommunen og kvar enkelt samarbeidskommune.

### **§ 1-2 Formål**

Vertskommunesamarbeidet skal sikre at deltakarkommunane har tilgang til kompetanse, kapasitet og utstyr for å ivareta sitt lovpålagte ansvar etter hamne- og farvasslova, med dei til ein kvar tid gjeldande forskrifter.

De fire samarbeidskommunane delegerer til vertskommunens administrasjon å utføre dei oppgåver og treffe avgjersler i dei type saker som inngår i avtalen. Dette gjelder spesielt følgjande område:

- Sørge for at ferdsel i farvatnet ikkje vert hindra eller vanskeleggjort jf. hamne- og farvasslova § 6.
- Tryggleik i kommunen sitt sjøområde.
- Handsame søknadar om løyve etter hamne- og farvasslova § 14.

### **§ 1-3 Samarbeidspartar**

Kinn kommune er vertskommune. Samarbeidet omfattar ikkje den delen av Kinn kommune som tidlegare utgjorde Vågsøy.

Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Sunnfjord kommunar er samarbeidskommunar.

Vertskommunen og samarbeidskommunane omtalast i fellesskap som enten deltakarkommunane eller Alden hamneområde.

## **Kapittel 2 Alden hamneområde**

### **§ 2-1 Finansiering**

Vertskommunen mottek ikkje årleg driftstilskot frå samarbeidskommunane for å ivareta kommunane sine oppgåver under vertskommunesamarbeidet.

Driftstilskot kan krevjast dekt hos deltakarkommunane dersom Alden hamneområde sine inntekter ikkje er tilstrekkelege til å dekke driftskostnadene. Kravet om tilskot skal søkast allokert til den deltakarkommune tilskotsbehovet skriv seg frå.

Samarbeidsavtalen gir vertskommunen rett til å krevje inn farvassavgift for skipstrafikk i Alden hamneområde sitt geografiske sjøområde (unntatt den delen av Kinn kommune som tidlegare utgjorde Vågsøy) i høve til hamne- og farvasslova, slik kommunalt sjøområde er definert der.

Samarbeidsavtalen gir vertskommunen kompetanse til utføre saksbehandling for saker under hamne- og farvasslova for samarbeidskommunane, både der vedkommande samarbeidskommune er tiltakshavar og der utanforståande offentlege eller private er tiltakshavar. Vertskommunen har rett til å fakturere sakshandsaming overfor dei respektive tiltakshavar i samsvar med bestemmelsar i hamne- og farvasslova med tilhøyrande forskrifter og i tråd med gebyrsatsane som er gjeldande.

## **§ 2-2 Regnskap og budsjett**

Alden hamneområde skal ha eige rekneskap med tilhøyrande budsjett.

Budsjett for påfølgjande år skal være godkjent av hamnerådet, jfr § 3-4 nedanfor, innan 15. november.

Hamne- og farvasslova sin definisjon av anløp av skip samt saksbehandling på vegne av kommunane er grunnlaget for avgifter og kostnader.

## **§ 2-3 Revisor**

Alden hamneområde bruker Vestland Revisjon som revisor. Etter konsultasjon med samarbeidskommunane kan vertskommunen skifte revisor for Alden hamneområde.

## **§ 2-4 Hamneanlegg og bygningsmasse**

Hamneanlegg og bygningsmasse som er i vertskommunens og samarbeidskommunanes eige blir ikkje overført til Alden hamneområde. Kommunane held eigendoms- og disposisjonsrett, inklusiv vedlikehaldsansvar for hamneanlegg og bygningsmasse.

Alden hamneområde skal ikkje investere i hamneanlegg.

# **Kapittel 3 Administrasjon og organisering**

## **§ 3-1 Deltakarkommunens ansvar og oppgåver**

Samarbeidskommunen delegerer myndigheit til vertskommunen innanfor de område nemnt i samarbeidsavtalen § 3-2, jfr § 2-1.

Den enkelte samarbeidskommune står rettsleg og økonomisk ansvarleg overfor egne innbyggjarar og øvrige berørte for dei vedtak som treffest under samarbeidsavtalen.

Samarbeidskommunen kan til ein kvar tid be om å bli orientert om alle forhold som gjeld vertskommunens utførelse av delegert myndigheit

### **§ 3-2 Vertskommunens myndigheit**

Administrasjon i Florø hamn KF i Kinn kommune som vertskommune representerer øvste hamne- og farvassmyndigheit i Alden hamneområde.

Verts- og samarbeidskommunanes rettar og interesser blir ivaretatt og utøvd gjennom administrasjonen i Florø hamn KF som representant for vertskommunen.

Administrasjon i Florø hamn KF som representant for vertskommunen skal:

- Sjø til at drifta i Alden hamneområde vert utøvd i samsvar med vedtekter, vedtak og lovbestemmelsar.
- Utarbeide forslag til Alden hamneområde sitt budsjett, herunder satsar for farvassavgift og saksbehandlingsgebyr.
- Presentere Alden hamneområde si årsmelding og årsrekneskap, jfr § 5-3 for godkjenning av hamnerådet.
- Foreslå handlingsplan for Alden hamneområde, herunder tiltak som skal finansierast av farvassavgifta.

Samarbeidet er eit administrativt vertskommunesamarbeid. Vertskommunen har ikkje mynde til å treffe vedtak i saker av prinsipiell betydning.

### **§ 3-3 Evaluering og samarbeid**

Vertskommunen skal sørge for at det kvart halvår, og elles når det er nødvendig, vert heldt samarbeidsmøte mellom vertskommunen og samarbeidskommunane.

Møter i hamnerådet avhaldas når vertskommunen eller hamnerådet, jfr § 3-4, finner det ønskeleg.

Innkallingar med saksliste sendes med fire veker varsel.

### **§ 3-4 Hamneråd**

Alden hamneområde skal ha et hamneråd med fem medlemmer. Kvar deltakarkommune peikar ut eitt medlem i hamnerådet. Hamnerådet utpeiker sjølv sin leiar.

Hamnerådet er et konsultativt organ, og har berre vedtaksmynde i referat, budsjett rekneskaps- og årsmeldingssaker.

## **Kapittel 4 Drift av Alden hamneområde**

### **§ 4-1 Administrasjon**

For å ivareta det administrative vertskommunesamarbeidet fungerer Kinn kommune v/ Florø hamn KF som administrasjon. Florø hamn KF har, på vegne av vertskommunen, det operative ansvaret for Alden hamneområde.

### **§ 4-2 Retningslinjer for administrasjon**

Florø hamn KF held dagleg leing og drift av samarbeidet ihht. til hamne- og farvasslova, vedtatt budsjett og vedtatt regulativ.

Florø hamn KF varetek arkivansvaret ihht. til gjeldande regler.

### **§ 4-3 Kjøp av tenester**

Vertskommunen inngår avtale med Flora Hamn KF om levering av kapasitet, utstyr og kompetanse til drift av Alden hamneområde.

### **§ 4-4 Arbeidsgjevaransvar**

Alden hamneområde har ingen tilsette. Alden hamneområde svarer ikkje for tilsettforhold i vertskommunen eller i Florø Hamn KF.

## **Kapittel 5 Økonomi**

### **§ 5-1 Farvassavgift**

Farvassavgift kan krevjast inn etter reglane fastsett i hamne- og farvasslova.

Florø hamn KF skal utarbeide forslag til nivået for og regulativet for farvassavgifta for Alden hamneområde, med basis i at nivå og regulativ skal være konkurransedyktig samanlikna med andre hamneområde i Norge og i samsvar med sjølvkostprinsippet i hamne- og farvasslova § 36.

Forslaget forelegges hamnerådet for uttale før det, samen med uttala, sendast samarbeidskommunane.

Den enkelte samarbeidskommune vedtek regulativet for farvassavgifta for sin kommune etter forslag som omhandlast i andre ledd.

Kinn kommune vedtek regulativet for sitt vedkommande.

## **§ 5-2 Sakshandsamingsgebyr**

Gebyr knytt til sakshandsaming av saker etter hamne- og farvassloven kan krevjast inn.

Florø hamn KF skal utarbeide forslag til eit felles regulativ for Alden hamneområde for sakshandsaming etter hamne- og farvasslova.

Forslaget vert framlagt hamnerådet for uttale før det, saman med uttala, vert sendt samarbeidskommunane.

Den enkelte samarbeidskommune vedtek regulativet for saksbehandlingsgebyr etter forslag som omhandla i annet ledd.

Kinn kommune vedtar regulativet for sitt vedkommande.

## **§ 5-3 Årsrekneskap og årsmelding**

Driftsåret er lik kalenderåret.

Årsrekneskapen skal vere avlagt innan 15. februar påfølgande år, og være ferdig revidert innan 15. mars. Årsrekneskapen med revisjonsberetning og årsmelding avlagt i samsvar med rekneskapslova, skal fastsettast av Florø hamn KF før 1. mai, og deretter forelegges hamnerådet for uttale før det, saman med uttala, sendes samarbeidskommunane til orientering.

# **Kapittel 6 Klage, omgjering, kontroll og tilsyn**

## **§ 6-1 Klagebehandling og omgjeringsadgang**

Når det i eit administrativt vertskommunesamarbeid vert treft vedtak som kan klagast på etter forvaltningslova § 28 første ledd, er klageinstansen den samarbeidskommune som har delegert myndigheten jf. kommunelova § 20-5, og Kinn kommune for vertskommunen sitt vedkommande.

Administrasjonen i vertskommunen v/ Flora Hamn KF er underinstans etter forvaltningslova § 33 andre ledd.

Klageinstansen har ikkje omgjeringsrett etter forvaltningslova § 35 andre og tredje ledd. Statlege klageinstansar kan likevel oppheve vedtak som må sjåast på som ugyldige.

## **§ 6-2 Kontroll og tilsyn**

Om eit vedtak er treft av vertskommunen sine organ på vegne av ein samarbeidskommune, kan tre eller fleire medlemmer i samarbeidskommunen sitt kommunestyre bringe vedtaket inn for departementet for å få kontrollert om det er lovleg, jf. kommunelova kapittel 7.



Kontrollutvalet i vertskommunen fører kontroll med verksemda i vertskommunen på vegne av alle deltakarane i vertskommunesamarbeidet jf. kommunelova § 20-9.

## **Kapittel 7 Inntreden, endringar, opphøyr og uttreden**

### **§ 7-1 Inntreden**

Alden hamneområde vert etablert med Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Sunnfjord som samarbeidskommunar og Kinn som vertskommune.

Samarbeidet kan ta opp andre kommunar som deltakarar. Opptak av nye kommunar krev einstemmig semje blant vertskommunen og samarbeidskommunane.

### **§ 7-2 Endringar**

Denne samarbeidsavtalen kan berre endrast om endringane ikkje er i strid med bestemmelsar i lov og forskrift. Endringar kan berre gjerast om alle deltakarkommunane vedtek likelydande endringar.

### **§ 7-3 Uttreden og opphøyr**

Den enkelte deltakarkommune kan med eitt års varsel si opp samarbeidsavtalen, jf. kommunelova § 20-8. Oppseiingsfristen reknast frå 1. januar året etter at oppseiinga er skriftleg varsla.

Om deltakarkommunane er einige om det, kan vertskommunesamarbeidet oppløysast med augeblikkeleg verknad jf. kommunelova § 20-8. Kommunane fattar endeleg vedtak ved eventuell oppløysning.

Ved uttreden eller oppløysning vil den enkelte kommune sjølv overta ansvaret for dei oppgåver som vert omfatta av samarbeidsordninga.

Ved uttreden kan den uttredende deltakar ikkje krevje noko utløysningssum.

Ein deltakarkommune kan tre ut av samarbeidsavtalen straks (heving) dersom avtalen er vesentleg mislighaldt.

## **Kapittel 8 Overgangsbestemmelser, tvisteløysing og ikrafttredelse**

### **§ 8-1 Overgangsbestemmelser**

Frem til samarbeidsavtalen er godkjent av den enkelte kommune jf. § 8-3, fungerer Alden hamneområde som et § 27-samarbeid etter tidlegare kommunelov.

Selskapsavtale og vedtekter datert 10. november 2011, sist revidert 16. oktober 2019, gjelder frem til samarbeidsavtalen trer i kraft etter § 8-3.

### **§ 8-2 Twisteløysing**

Eventuelle ueinigheter mellom partane for den del av avtalen som er rettsleg forpliktande skal søkast løyst i minnelegheit.

Om partane ikkje kommer til einigheit, skal tvistar løysast ved voldgift etter lov 14. mai 2004 nr. 25 om voldgift. Voldgiftsretten skal bestå av minst tre medlemmer, og kvar av partane har rett til å oppnemne eit medlem av voldgiftsretten. Partane oppnemner i fellesskap ein leiar for voldgiftsretten. Leiaren skal være jurist. Dersom ein part ikkje oppnemner medlem av voldgiftsretten, eller det ikkje vert oppnådd semje om val av leiar for voldgiftsretten, vert føretatt oppnevning av Sogn og Fjordane tingrett.

### **§ 8-3 Ikrafttredelse**

Avtalens gyldigheit forutset godkjenning av kommunestyret i den enkelte kommune jf. kommunelova § 20-4 første ledd.

Alden hamneområde som eit vertskommunesamarbeid er operativ frå 01.01.2024.

\*\*\*

Samarbeidsavtalen er utstedt og underteikna i fem eksemplar, kor partane har eitt eksemplar kvar.